

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 MANGER

Vår dato: 22.01.2018
Vår ref.: 201800433-3
Arkiv: 411
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane

Mølsmogelva - Fråsegn søknad om utlegging av gytegrus - Radøy kommune

Frå Radøy kommune har vi fått tilsendt søknad om utlegging av gytegrus frå Risnes krins grunneigarlag v/leiar Audun Sylta.

Mølsmogelva er ikkje verna vassdrag. Det er eit lite vassdrag og med lite fall i store delar av nedbørsfeltet. Gytegrusen er tenkt lagt ut 2 stadar i nedre del av vassdraget – på gnr. 21, bnr. 8 og 10.

Etter oppdrag frå Radøy kommune utarbeidde Tore Wiers rapporten «Registrering av sjøaurevassdrag i Radøy kommune». Rapporten var ferdig i 2005 med feltarbeid frå 2001. Utdrag av denne rapporten som gjeld Mølsmogelva er lagt ved søknaden. I fylgje rapporten er det strykparti i nedre dela av elva. Her er fiskeproduksjonen høg. Det er gode gyte- og oppveksttilhøve i elva. Kan vere lite vatn i tørre periodar. I råd om tiltak er det nemnt at ein i kombinasjon med tersklar i nedre delen, kan leggje ut gytegrus.

Vår vurdering:

Tiltak for å betre gyteilhøva er positivt. Vi ser at elva kan vere lita i tørre periodar og rår til at gytegrusen ikkje vert lagt slik at rogn kan verte tørrlagt. Det er ikkje oppgeve kor store mengder gytegrus som skal leggjast ut. Dette er eit lite vassdrag. Små vassdrag har lite å «gå på» i høve endringar i elvebotnen. Vi minnar om at grusen må plasserast slik at den ikkje aukar faren for auka graving på motsett elveside, eventuelt medfører oppdemming. Ved skade på kantvegetasjon bør ein søkje å legge til rette for reetablering av slik vegetasjon.

Vi legg til grunn at tiltaka er godkjent av grunneigar både med tanke på utlegging og transporten til vassdraget.

Ut over dette har vi ikkje merknader til søknaden.

Generell informasjon:

I vassressurslova kap. 2 er det gjeve ålmenne reglar om tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i vassressurslova § 5. Paragrafen gjev pålegg om at

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne og private interesser.

NVE gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det syner seg at ålmenne interesser kan verte påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. I slike tilfelle må plan for tiltaket sendast NVE for ny vurdering.

NVE kan med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting for utførte vassdragstiltak som i ettertid vert vurdert som konsesjonspliktige etter vassressurslova. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudslynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

NVE minner om at tiltaket må avklarast i høve anna relevant regelverk som t.d. plan- og bygningslova og naturmangfaldslova.

Tiltakshavar kan verte ansvarleg for eventuelle skader og ulemper på ålmenne og private interesser som fylgjer av tiltaket, jf. vassressurslova § 47.

Med helsing

Brigt Samdal
Regionsjef

Siss-May Edvardsen
sjefingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland